
MILJØ OG KLIMA

Verda kokar. Temperaturen stig. Kva gjer vi?
Skribentar frå inn- og utland skriv om globale og lokale miljø- og klimautfordringar.

PEDER ANKER

Periferiens makt

Historia om miljøvitskapen

«**D**et er i marken grænserne skal trækkes, det er der man nu maa begynde at bygge taushetens mur om de værdier, som dør naar de blir grepet med vold og som utfolder sine dypeste underbare bare i den stille tilbedelses time.»¹ Filosofen Petter W. Zapffe skreiv desse orda etter å ha stige opp på Stetinden i 1937, og mange naturvernarar vil finne ei sanning i dei. Dei mest ihuga gjennomfører jamvel ei årleg pilegrimsferd til Stetinden til ære for Zapffe, med eit utandørs seminar om korleis ein kunne stoppe den urovekkjande klima- og økokrisa.

Stetinden. Foto: wikipedia

EIT ROMANTISK IDEAL

I Noreg er naturen i periferien – den metaforiske og den verkelege Stetinden – ein moralsk og politisk motstandsarena mot

miljøydeleggingar. Å gjere det som er godt, føreset kunnskapar om kva som er rett, og i Noreg vert det som er rett, bestemt på fjellet, mellom fiskarar og bønder i bygdene, eller på landet. Denne periferiens makt vart i stor grad konstruert på 1970-talet av vitskapsfolk og aktivistar som budde i urbane sentrum. Kari Marie Nordgaard har vist at det verkelege landlege livet i Noreg er langt frå økologisk forsvarleg, og at det i mange tilfelle er bebudd av folk som fornektar klimaendringane.² Likevel får dei ein konstant straum av godvilje og varme kjensler frå urbane miljøvernarar som lengtar til periferien. Feriar i hytter på fjellet og ved fjorden er eit sentralt aspekt ved det sosiale livet til nordmenn. Dimed lever mange eit slags todelt liv både i sentrum og i periferien, som

Livet i Mardøla inspirerte, men det var sherpa-samfunnet i den avsidesliggjande landsbyen Beding i Nepal som vart eit ideal for økofilosofane.

skapar spenningar når det gjeld sosial identitet, skatteutrekning og deltaking i demokratiet.³ Det er dette tenkte eller verkelege livet i periferien som har forma Noregs miljøpolitikk.

Periferiens makt kom til syne i slike område då vitskapsfolk og aktivistar såg den sjølvberga økologiske harmonien der, og tileigna periferien ein moralsk kvalitet som kunne freiste med frigjering og soning for miljøsyndaren som budde sentralt og forureina til. Lokalt såg ein skadar skje i nabo-bygda eller -byen, særleg i Oslo, men globalt såg ein på det fjerne og uforderva Noreg som ei løysing for ei verd i krise. Medan nordmenn såg på landet sitt som eit mikrokosmos som sette standardane for miljøvern i verda, var det historisk den høgtsvevande fjellutopien og det tenkte sjølvberga livet som fiskar og/eller bonde som sette standarden på heimebane.

Stetinden er eitt eksempel på periferiens makt, men det finst mange andre. Oppdagingsfarar Thor Heyerdahl fann det han kalla eit økologisk «paradis» på stillehavssøya Fatu-Hiva, der han levde ut ein idealisert steinalderlivsstil saman med kona si. Livet dei levde på øya, vart til hans arkimediske punkt, og derfrå kunne han evaluere miljøydeleggingane som gjekk føre seg i verda. Arkeolog og oppdagingsfarar Helge Ingstad fekk ei liknande erfaring. I bøkene og førelesingane hans om tida då han levde saman med urfolk i Canada, la han fram ein meir opphøgd måte å sameksistere med naturen på enn det den vestlege livsstilen legg opp til.

Slike romantiske førestillingar var framande for sosialantropolog Fredrik Barth, som først introduserte metodologisk øko-

logi i norsk forskning på 1950-talet då han studerte folk som levde i periferien. Likevel brukte studentane til Barth metodane hans for å utarbeide studiar som idealiserte norske landlege fiskarar og bønder, og som nedvurderte det urbane livet, slik som i tenkinga til Ottar Brox.

FANN SVARET I NEPAL

Det enkle livet i det mentalt, fysisk eller historisk fjerne vekker ein djupt rotfest tanke i norsk kultur: draginga til eit tapt liv. «Norge har snart ikke bønder og fiskere igjen», skriv biolog Dag Hessen, «allikevel er vi fortsatt et land av bønder og fiskere.»⁴ Den bestseljande fiskarberetninga *Havboka* (2017) av Morten A. Strøksnes, som handlar om å fange store haiar i Vesterålen, gir eit godt bilete av draginga. Like avslørande er det at boka *Hel ved: Alt om hogging, stabling og tørking – og vedfyringens sjel* (2011) kan engasjere fantasien til ein heil nasjon og selje i ein halv million eksemplar, og at eit seks timar langt sakte-TV-program om å fyre med ved kunne bli så populært.

Eit anna bestseljande eksempel er romanen *De usynlige* (2013) av Roy Jacobsen, som fortel om livet til sjølvberga fiskarar og bønder på ei avsides øy på 1920-talet. Historia går inn på djuptliggjande oppfatningar av norsk kulturarv og ein lengt etter ei enklare tid som er tapt. Gjennom historia har makta i slike periferiar vekt erke-konservative fantasiar, som i Knut Hamsuns *Markens grøde* (1917), eller venstrevridde draumar om økologisk sjølvberging, som hos miljøaktivistiske forskarar på 1970-talet. I begge tilfella representerer det tenkte eller verkelege livet i periferien det



Landsbybuarane i Nepal inspirerte dei første økofilosofane. Foto: Shutterstock

som er godt, og det som dei som bur i sentrum, burde trå etter.

Passande nok vart Høyfjellsøkologisk forskningsstasjon på Finse den plassen der økologi som fag vart til ved etableringa i 1964. Stasjonen låg i periferien, ved friluftslivets navle. Der såg økologane eit landskap i økologisk balanse og sette det i kontrast til ubalanserte industrimiljø nedi dalane eller i byane. Det ein burde arbeide for, var etter deira meining ein sjølvberga nasjon som verda kunne sjå opp til, inspirert av økologien på Finse og Hardangervidda.

Filosofane vart inspirerte av økologane og begynte å formulere sine eigne økofilosofiar. Heilt oppe ved toppen av Hallingskarvet i nærleiken av Finse bygde filosof Arne Næss tenkjehytta Tvergastein. Her utforma han, saman med fjellvande kameratar, ein filosofi som handla om å ha respekt for naturen, som folk i det industrielle låglandet skulle få høyre om. Ved Universitetet i Oslo var han med i ei økofilosofigruppe med den

karismatiske filosofen Sigmund Kvaløy som leiar. Grappa framstilte miljødebatten som eit binært spørsmål: Ein var anten for «livsnødvendighetssamfunnet» eller «industrivekstsamfunnet». Livsnødvendighetssamfunnet var inspirert av det landlege norske livet i periferien, som var sett på som verdt å trå etter. Industrivekstsamfunnet var derimot det samfunnet folk flest levde i, men burde gå bort frå. Argumenta vekte ei luthersk-pietistisk skuld-kjensle som var nødvendig for ei økologisk oppvakning og soning for miljøaktivisten. Den mest dannande erfaringa økofilosofane fekk, var i 1970 då dei prøvde å redde Mardalsfossen frå vasskraftutbygging gjennom sivil ulydigheit.

Livet i Mardøla inspirerte, men det var sherpa-samfunnet i den avsidesliggjande landsbyen Beding i Nepal som vart eit ideal for økofilosofane. Dei besøkte sherpa-folket ofte og såg på dei som orientalske orakel. Deira livsstil i harmoni med naturen stod i kontrast til det skrekkelege vestlege industrisamfunnet. Dimed vart sherpaene førebilete for alle nordmenn, og i sin tur skulle sherpainspirerte nordmenn bli førebilete for Europa og verda. Om Noreg kunne vende tilbake til den tradisjonelle bonde- og fiskarkulturen, kunne landet etter kvart bli meir som sherpa-samfunnet og framstå som ein alternativ nasjon som resten av verda kunne lære av. Draumen var å utvikle nasjonen til eit økologisk, sjølvberga føregangsland for verda, i staden for å vere ein del av den europeiske



Foto: Eduardo Alvarado/Uhspash

Det åndelege livet til mange nordmenn går føre seg utandørs i naturskjønne omgivnader heller enn innandørs i kyrkjer og andre bygningar.

fellesskapen der industriell og økonomisk vekst var drivkrafta. Djupøkologirørsla «Ringene» tok til seg denne draumen og vaks til ein nokså stor organisasjon på 1970-talet, med fleire hundre ivrige og høgrøysta vitskapsfolk og aktivistar. Desse var overtydde om at dei visste kva som var rett og gale, og meinte at det økologiske samfunnet dei såg for seg, var eit revolusjonerande brot med den industrielle veksten.

FORSØK PÅ Å FINNE EIN MIDDELVEG
Djupøkologane appellerte til djuptliggjande pietistiske tradisjonar i Noreg, og Den norske kyrkja svarte gladeleg på signalet om å redde naturen. Det åndelege livet til mange nordmenn går føre seg utandørs i naturskjønne omgivnader heller enn innandørs i kyrkjer og andre bygningar. For kyrkja representerte djupøkologien ein ny pietisme, som vekte til live gamle lutherske verdiar og livssyn. Resultatet var ei forgrøning av kyrkjelivet og forsøk på å føre kyrkja i ei meir øko-religiøs retning. Seinare økonomisk politikk om klimakvotar ville spøgle kristne avlatshandlingar.

Ein av hovudmotstandarane til djupøkologane var «grunnøkolog» Jørgen Randers, medforfattar av *Hvor går grensen?* (1972). Han innførte omgrepet eit «økologisk berekraftig samfunn» i 1974. Snart tok kyrkjeleiarar i bruk frasen overfor dei ikkje-truande, som eit sekulært uttrykk for ein lengt etter Det lova landet. Slik teologane i Kyrkjevevdrådet forstod berekraft, illustrerte det det bibelske løftet om eit nytt Eden. Randers var positiv til denne tolkinga og ville forfekte berekraft

som ein gradualistisk (i motsetnad til revolusjonistisk) veg mot det økologiske livsnødvendighetsamfunnet som djupøkologane drømde om. Han sleit med å finne ei plattform for ein slik tankegang i Noreg, med unnatak av medlemmer av Arbeidarpartiet som var opptekne av miljø, og som etterlyste ei gradualistisk tilnærming i miljødebattane.

Mellom dei var Gro Harlem Brundtland. Som miljøvernminister frå 1974 til 1979 møtte ho miljøaktivistar og djupøkologar i fleire debattar. Som lege tok ho eit antroposentrisk standpunkt mot dei som meinte dei talte på naturen sine vegner, og var bestemt på at berre menneskelege reglar skulle følgjast. Samstundes representerte ho ein yngre generasjon av arbeidarpartimedlemmer som ønskte å revurdere tradisjonane i partiet, særleg med tanke på miljøsak og bruken av naturressursar. Ho stod imot polariseringa av miljødebatten og fann ein middeleg i tilnærminga si til miljøsaka. I motsetnad til djupøkologane heldt ho også fast ved eit samarbeid mellom Noreg og EU i løysinga av miljøproblem. Prøvesteinen var å få til eit internasjonalt samarbeid for å løse problemet med sur nedbør.

I tiåra etter at olja vart funnen i Nordsjøen i 1969, vart Noreg gradvis omskapt til ein nasjon som var økonomisk avhengig av olje og gass. Dette utløyste ein debatt om korleis ein på best mogleg måte skulle forvalte desse naturressursane og den nye rikdomen. Geologane fekk mykje å seie, og i spissen for dei stod Ivan Th. Rosenqvist. I motsetnad til Randers var han optimistisk til mengda av naturressursar, og som representant for den radikale venstresida meinte han at det å bruke olje ville gagne arbeidarane i verda. Miljøproblem som sur nedbør var for han ubetydelege saker samanlikna med det å få folk ut av fattigdom. Han heldt fast ved desse meiningane livet ut og vart ein torn i auget på djupøkologane – men også på Brundtland, då ho prøvde å forhandle seg fram til internasjonale tiltak mot sur nedbør.

FØREGANGSLANDET

I 1982 gav djupøkologane opp forsøket på å hindre utbygginga av Alta-Kautokeino-vassdraget midt på Finnmarksvidda. Dette var slutten på den bitraste miljø- og borgarrettskonflikten i norsk historie. Det var også slutten på djupøkologien som ei politisk rørsle i Noreg. Paradoksalt nok fekk dei sitt internasjonale gjennombrøt i denne perioden, takka vere den amerikanske radikale

Tanken om å vere eit føregangsland i miljøråka stod sentralt i utanrikspolitikken til regjeringa, som ønskte å gjere Noreg til ei humanitær stormakt og ein sterk aktør for det gode i ei verd i krise.

miljøorganisasjonen Earth First! Spenninga og konfliktane mellom dei fundamentalistiske djupøkologane og dei moderate reformatorane i Arbeidarpartiet roa seg då dei moderate tok sigeren. Aktivistane og samane greidde ikkje å redde Altaelva, men dei tvinga Brundtland til å ta borgarrettane til samefolket og miljøråka meir på alvor, noko ho gjorde som leiar av Verdskommisjonen for miljø og utvikling (Brundtland-kommisjonen).

I rapporten *Vår felles framtid* frå 1987 vart Randers' berekraftige samfunn ein draum alle burde arbeide for, og «berekraftig utvikling» vart ein smal stig alle burde gå for å oppnå det målet. Kommisjonen tok i bruk språket som Kyrkjeverdsrådet hadde utvikla på 1970-talet, for å spreie ein sekulær bodskap om å gjenskape Eden. Berekraftig utvikling vart ei gradualistisk tilnærming for å oppnå den sjølvberga harmonien som djupøkologane drøymde om. Periferien – livet i Finse og hos sherpaene – vart førebiletet for heile verda i søkinga etter ei berekraftig utvikling som til slutt skulle føre til eit berekraftig samfunn.

Vår felles framtid endra også retninga i den norske miljødebatten, bort frå økologi og over mot klimaendringar og klimatologi. Brundtland bygde på erfaringa si frå forureiningsdiplomati rundt sur nedbør i Europa og mobiliserte Dei sameinte nasjonane til å ta tak i klimaendringane ved Rio-konferansen i 1992. Som statsminister på heimebane såg ho for seg Noreg som ein «pådrivar» og eit «føregangsland» for berekraftig utvikling.⁵ Noreg skulle vise verda vegen mot eit berekraftig samfunn ved å konfrontere klimaendringane direkte. I kjølvatnet av den kalde krigen, og med

hjelp av oppfatninga av at kapitalismen hadde vunne over kommunismen, sette ho løysinga på klimakrisa i eit lønnsmedsperspektiv. Rådgivaren hennar, økonom Jens Stoltenberg, ønskte å implementere visjonen hennar ved å kjempe for klimakvotehandling i Kyoto i 1997, og seinare som spesialutsending for klimaspørsmål i Dei sameinte nasjonane.

Både Brundtland og Stoltenberg hadde i praksis teke til seg djupøkologane sin appell om å forvandle Noreg til den miljøvenlege, alternative nasjonen som verda kunne sjå opp til. Tanken om å vere eit føregangsland i miljøråka stod sentralt i utanrikspolitikken til regjeringa, som ønskte å gjere Noreg til ei humanitær stormakt og ein sterk aktør for det gode i ei verd i krise.⁶ Den norske miljøpolitikken forsterka landet si rolle i diplomatiet ved at norske politikarar leidde internasjonale forhandlingar, og landet framstod som ein miljøleiar i verda.

IDYLLEN SLÅR SPREKKAR

Det velmeinande miljøblikket på verda førte ikkje nødvendigvis til god miljøpolitikk på heimebane. Berekraftsidealet har i beste fall vekt ein lengt i nasjonen, men det vart ikkje overført til handling i politikken eller i kvardagen. Det kom også betydeleg motstand frå sentrumsmaktene, som Rosenqvist og dei mange tilhengarane hans, som argumenterte mot miljøvern og såg på klimaendringane som vitskapleg lureri. Norsk antimiljøvern har vore betydeleg: fangst av kval og sel, jakt på rovdyr, dumping av giftig avfall i fjordane, overfiske, forureining frå lakseoppdrett, snøscooterbruk, industrielt landbruk, vass-

Dette sjølvbiletet landet vårt har som ein grøn helt, har hindra det i å innsjå realitetane rundt eigne internasjonale miljøtiltak.

kraftutbygging; kommersialisering av naturområde, og meir nyleg bygging av vindmøller i uberørt natur. På toppen av alt pumpar Noreg så mykje olje som mogleg ut av havbotnen, sjølv om vi veit at dette bidreg til miljøskadar og klimaendringar.

Heller ikkje når det gjeld internasjonal politikk, var det nødvendigvis slik at Noreg behandla verda utanfor med miljømessig respekt. I skuggen av berekraftsdiplomatiet tok dei politiske og økonomiske interessene i landet leinga. Det statlege oljeselskapet Statoil endra nyleg namn til Equinor for å signalisere ei kursendring i ei grønare retning. Det selde seg ut av kanadisk oljesand og investerte i vindkraft på sjøen. Disse initiativa har vore i fokus medan selskapet har omskapt seg sjølv, samstundes som det har auka oljeproduksjonen, takka vere oljefelt i Algerie, Angola, Aserbajdsjan, Brasil, Canada, Nigeria og fleire, for ikkje å snakke om det sårbare Barentshavet i nord. Investeringane i berekraft blir meiningslause for miljøforkjempingane som aksjonærer mot Equinors planar om oljeboring i Australbukta.

Noko som skapte debatt på heimebane, var forureiningskrisa i 2018 i samband med Norsk Hydro sin aluminiumsproduksjon i Brasil. Reaksjonane kom, trass i at norsk aluminiumsproduksjon har forårsaka alvorlege miljø- og samfunnsskadar i Amazonas sidan 1970-talet.⁷ Det at Noreg ser på seg sjølv som eit miljøidealistisk land, har gjort det mogleg for norske selskap og verksemdar i utlandet å drive på utan særleg oppsyn. Dette sjølvbiletet landet vårt har som ein grøn helt, har hindra det i å innsjå realitetane rundt eigne internasjonale miljøtiltak. Det norske bidraget å 23,5 milliardar

kroner til Det internasjonale klima- og skoginitiativet for å redde regnskogen kan seiast å vere unnatak som stadfestar regelen. Riksrevisjonen vurderte initiativet som i stor grad ineffektivt og utilfredsstillande på grunn av korrupsjon og svindel.⁸

I dag er Miljøpartiet Dei Grøne (MDG) i Oslo ein miljøpolitisk pådrivar, og dette har ført til at byen vart utnemnd til europeisk miljøhovudstad i 2019. MDG siktar mot å gjere Oslo til den første karbonnøytrale byen i verda innan 2030. Nasjonalt har partiet gjort det klart at det ikkje vil støtte ei regjering som held fram med å leite etter olje. Denne konfrontasjonen av den mektige oljelobbyen har ført til at regjeringa har bestemt at oljefondet skal selje seg ut av fossil energi og investere meir i fornybar energi.

Denne avgjerda vart spreidd av store nyhendemedium og miljøorganisasjonar over heile verda. Det var ein «stor, stor, stor siger» for divesteringsrørsla,⁹ ifølgje Bill McKibben, grunnleggjar av 350.org, som delte nyendet på Twitter i 2019 for følgjarar som var leie av miljøpolitikken til president Donald Trump. Det var eit lysglimt midt i ein binær og kald krigsaktig klimadebatt i USA, og eit førebilete for dei som kjempa for ein Green New Deal. Ved å utnytte statusen som miljøhovudstad og gå føre som eit eksempel med divesteringa tok norske politikarar del i ein lang norsk tradisjon med å prøve å skine som miljøheltar. Det var periferiens makt som gav Noreg moglegheita til å kome fram som ein miljøpionér i verda. ●

Omsett frå engelsk av Sara Marie Granheim.

NOTAR

- 1 Petter W. Zapffe (1967). Stedtind (1937). I *Essays og epistler*, 56D61, sitat s. 56.
- 2 Kari Marie Norgaard (2011). *Living in Denial: Climate Change, Emotions and Everyday Life*. Cambridge: MIT Press.
- 3 Olav Norheim (2017). Det gløynde folket. *Syn og Segn*, 123:3, 47D53.
- 4 Dag Hessen (2016). *Landskap i endring*. Oslo: Pax, s. 7.
- 5 Miljøverndepartementet (1989). *Miljø og utvikling: Norges oppfølging av Verdenskommisjonens rapport*. St.meld. nr. 46. Oslo: Miljøverndepartementet, s. 8.
- 6 Terje Tvedt (2017). *Det internasjonale gjennombruddet*. Oslo: Dreyer.
- 7 Dan Børge Akerø (1979). *Norge i Brasil: Militærdiktatur, folkemord og norsk aluminium*. Oslo: Aschehoug.
- 8 Riksrevisjonen (2019). *The Office of the Auditor General of Norway's Investigation of Norway's International Climate and Forest Initiative*. Bergen: Fagbokforlaget.
- 9 Ei rørsle som oppmodar til divestering, dvs. til å selje seg ut (av eit selskap) eller kvitte seg med ei investering.